

Rapport om målbruk i offentlig teneste 2008

Rapport om målbruk i offentlig teneste – 2008	3
Om rapporten.....	3
Rapporteringspliktige statsorgan og informasjon om datamaterialet	3
Intensiveringsarbeidet i statsorgana 2006–2008	3
Resultat i 2008.....	4
Resultat.....	5
Papirtilfang	5
Diagram 1: Tal på statsorgan som oppfyller krava i papirtilfang 1994–2008.....	5
Diagram 2: Gjennomsnittleg prosent i papirtilfang 2005–2008.....	6
Skjema.....	6
Diagram 3: Skjema på begge målformer 2005–2008.....	6
Nettsider	7
Diagram 4: Gjennomsnittleg nynorskprosent på nettsider 2006–2008	7
Klagesaker	8
Diagram 5: Tal på klagesaker 2005–2008.....	8
Kort evaluering av intensiveringsarbeidet 2006–2008.....	8
Vedlegg 1: Mal for standardbrev til statsorgana 2006	13
Vedlegg 2: Rundskriv V-14/2006 Oppfølging av lov om målbruk i offentlig teneste	18
Vedlegg 3: Lov om målbruk i offentlig teneste – eksempel på tiltaksplan.....	20

Rapport om målbruk i offentlig teneste – 2008

Om rapporten

Språkrådet fører tilsyn med korleis statsorgan under departementsnivå følgjer opp lova om målbruk i offentlig teneste. Rapport om målbruk i offentlig teneste 2008 frå Språkrådet er basert på 1) eigenrapportering frå statsorgana sjølve og 2) undersøking av nynorskprosent på offentlege nettstader, gjort av Språkrådet. Rapporten blir levert til Kulturdepartementet og inneheld tal for 2008, med samanlikningar av tidlegare rapportar og enkelte prognosar framover i tid.

Til rapporten er det vedlagt rådata om skjema, nettsider og papirtilfang (tre dokument).

Rapporteringspliktige statsorgan og informasjon om datamaterialet

Rapporteringa omfatta i 2008 151 sentrale statsorgan under departementsnivå, fem færre enn i 2007 (pga. samanslåingar). Fristen for å levere rapport var 31. januar 2009. Hausten 2009 var det 16 statsorgan som ikkje hadde levert rapport. Sakene vart oversende til Kulturdepartementet. Tala i rapporten baserer seg på rapportar frå 135 statsorgan.

Data frå 1994 og fram til i dag er tekne med i tidlegare rapportar om målbruk frå Språkrådet. Måten dataa er behandla på i dag, tala på statsorgan og inndelinga i departement har endra seg mykje sidan 1994, men tala er tekne med for å vise historikken til tilsynet og visse utviklingstendensar. Tal frå 2005 og framover er mest samanliknbare. Der det ligg føre tal, vil også nokre tal frå 2009 vere med i rapporten, mest for å syne kva retning tendensane går i.

Tal for papirtilfang og skjema er baserte på rapportar frå statsorgana sjølve.

Tal for nettstader er baserte på rapportar frå statsorgana og nettsidesøk utførte av Språkrådet.

Intensiveringsarbeidet i statsorgana 2006–2008

Resultata i ”Rapport om målbruk i offentlig teneste – 2008” blir delvis sedde i ljøs av det intensiveringsarbeidet som storting og regjering påla statsorgana gjennom St.meld. nr 7 (2005–2006) ”Målbruk i offentlig teneste”, og som vart signalisert gjennom rundskriv V-14 V/2006 ”Oppfølging av målbruk i offentlig teneste” frå Kulturdepartementet. Signala i stortingsmeldinga var at statsorgana innan 2008 skulle oppfylle krava i mållova til punkt og prikke.

Til slutt i denne rapporten blir intensiveringsarbeidet evaluert i korte trekk.

Resultat i 2008

Negativt:

- Talet på statsorgan som oppfyller krava i mållova informasjon på papir, har ikkje stige frå 2007 til 2008.
- Resultata viser at statsorgana ikkje har utført det store oppryddingsarbeidet som vart signalisert i St.meld. nr 7 (2005–2006) ”Målbruk i offentleg teneste” og rundskriv V-14 V/2006 ”Oppfølging av lov om målbruk i offentleg teneste”.

Positivt:

- Nynorskprosenten på statlege nettsider stig monaleg, og ser ut til å auke meir enn nynorskprosenten i papirtilfang. Dette er i tråd med målsetjinga i St.meld. nr 7 ”Målbruk i offentleg teneste” (2005–2006), der statsorgana vart bedne om å prioritere arbeidet med nettstadene.
- Talet på skjema som er tilgjengelege på begge målformer, er stigande.
- Det er ein tendens at talet på klagesaker stig. I 2008 var det dobbelt så mange klagesaker som i 2006 (18). I 2009 var det tre gonger så mange (66). Språkrådet ser det som ein positiv tendens at medvitet om klageretten ser ut til å vekse.

I 2007 var det 39 statsorgan som oppfylte kravet om minst 25 % nynorsk i informasjonstilfang på over 10 sider. Talet har gått ned til 31 i 2008. I 2008 var det 41 statsorgan som hadde minst 25 % i tilfang på 1–10 sider, det same som i 2007. Talet på statsorgan som oppfyller krava i mållova i papir, har altså ikkje gått opp. 16 av 138 statsorgan som har levert rapport, oppfyller krava i mållova i begge kategoriane tekstar samstundes.

Når det gjeld gjennomsnittleg prosent nynorsk i tilfang på 1–10 sider og i tilfang på over 10 sider, er tala i 2008 høvesvis 26 % nynorsk og 15 % nynorsk. Det er ein svak auke i tilfang på over 10 sider. Gjennomsnittleg prosent har lenge vore 12, no har han stige til 15.

Statsorgana rapporterte om til saman 1968 skjema. 1050 skjema (53 %) finst på begge målformer. Det er ein auke.

Språkrådet mottok 35 klagesaker i 2008. Det er det same som i 2007. Talet har lenge lege rundt 20¹.


¹ Talet i 2009 ser ut til å bli 66.

Resultat

Papirtilfang

- 11 %, dvs. 16 av dei 138 statsorgana som har rapportert, har over 25 % nynorsk i alt papirtilfang.
- 29 %, dvs. 41 av dei 138 statsorgana som har rapportert, har over 25 % nynorsk i papirtilfang på mindre enn ti sider (brosjyrar, pressemeldingar, lysingar og anna).
- 22 %, dvs. 31 av dei 138 statsorgana som har rapportert, har over 25 % nynorsk i papirtilfang på over 10 sider (større rapportar og årsmeldingar).

Diagram 1: Tal på statsorgan som oppfyller krava i papirtilfang 1994–2008




I den siste fireårsperioden har talet på statsorgan som har minst 25 % nynorsk i papirtilfang, gått opp. For tilfang på 1–10 sider er tala for 2008 og 2007 like: 41 statsorgan har minst 25 % nynorsk i dette tilfanget. For større publikasjonar (over ti sider) har talet på statsorgan som har minst 25 % nynorsk gått frå 39 til 31. Dette er inga god utvikling, men ei forklaring kan vere at ein del statsorgan har som rutine å trykkje store publikasjonar annakvart år på nynorsk, annakvart år på bokmål (t.d. studiekatalogar og årsmeldingar). Ein slik rutine *kan* ein lese av diagrammet.

Når det gjeld gjennomsnittleg prosent nynorsk i tilfang på 1–10 sider og i tilfang på over 10 sider, er tala høvesvis 26 prosent nynorsk og 15 prosent nynorsk. Frå 2005 til 2006 var det registrert ein auke i prosent nynorsk i papirtilfang på 1–10 sider. Gjennomsnittsprosenten frå

2007 heldt seg omtrent på det same nivået som i 2006. Det er ein svak auke i tilfang på over 10 sider. Gjennomsnittleg prosent har lenge vore 12, no har han stige til 15 (sjå diagram nedanfor).


Diagram 2: Gjennomsnittleg prosent i papirtilfang 2005–2008



Reknemåten til Språkrådet treng denne forklaringa: Når gjennomsnittleg prosent er 26 eller 15, tyder det at 26 % og 15 % av det innrapporterte papirtilfanget (på over og under ti sider) i staten er på nynorsk. Statsorgana som produserer mykje tekst og rapporterer om det, pregar talet positivt og negativt. Det er ikkje slik at at eit gjennomsnittleg statsorgan har rundt 26 % nynorsk i papirtilfang under ti sider. Det ville tyde at eit gjennomsnittleg statsorgan oppfyller krava i mållova, men det er berre eitt av fire som i reelle tal gjer dette.

Skjema

Diagram 3: Skjema på begge målformer 2005–2008



Statsorgana rapporterte om til saman 1968 skjema i 2008. 1058 finst på begge målformer. 53 % av alle skjema i bruk i 2008 er på begge målformer. Det er ein auke frå tidlegare år (sjå diagram). I 2005 var 886 av 1809 skjema på begge målformer, i 2006 var det 616 av 1374 skjema som var på begge målformer og i 2007 var det 1178 skjema av 2574 som var på begge målformer.


Nettsider

Gjennomsnittleg prosent nynorsk på statlege nettsider har gått frå 4,8 % i 2006 til 10,6 % i 2008. Til samanlikning viser prosenten seg å bli over 25 i 2009, men den samla rapporten for det året kjem i 2010. Det uvekta gjennomsnittet som vi reknar og som er omtala tidlegare, er likevel noko misvisande, av di enkelte statsorgan som produserer mykje tekst, påverkar totalen positivt eller negativt².

I reelle tal er det slik at 17 statsorgan har minst 25 % nynorsk på nettsidene i 2008, medan talet i 2007 var 11. Talet for 2009 ser ut til å bli 20.

Det er i tråd med føringane i styringsdokumenta for intensiveringa av mållovsarbeidet at statsorgana skulle prioritere å arbeide med å auke prosenten på nettsidene. Auken i nynorskprosent på nettsidene har vore sterkare enn auken i papirtilfanget.


Diagram 4: Gjennomsnittleg nynorskprosent på nettsider 2006–2008



² Dersom ein ikkje reknar med nettstaden www.yr.no, vert gjennomsnittsprosenten på nettstadene halvert i 2009. Det er framleis ein markant auke, men det viser korleis store tekstprodusentar påverkar tala negativt og i dette tilfellet positivt. Vi gjorde elles greie for veikskapane i søkjemetoden vår i rapporten for 2007. Hovudpoenga der var at 1) det er ulikt kor djupt ned i nettsidene søka våre rekk, 2) det er ikkje alltid mogeleg å skilje mellom stoff frå rapporteringsåret og eldre stoff, og 3) vi greier ikkje å skilje mellom stoff som kjem inn under mållova og stoff som ikkje gjer det.

Klagesaker

Diagram 5: Tal på klagesaker 2005–2008



Språkrådet mottok 18 klagesaker i 2006 (22 i 2005). I 2007 mottok Språkrådet 35 klagesaker og i 2008 også 35.

Klagesaker gjeld brot på § 6 i mållova om retten til å få t.d. skjema og brev på eiga målform og klager som kjem av brot på forskrifta om målform i eksamensoppgåver. Det er vanskeleg å forklare auken i tal på klagesaker. At om lag halvparten av alle skjema ikkje finst på begge målformer, viser at 35 klagarar er eit lågt tal når ein tenkjer på det faktiske grunnlaget for å klage etter § 6 i mållova. Moglege hypotesar som kan forklare auken i talet på klagesaker, kan vere:

- Statsorgana har brote § 6 og forskrifta om eksamensoppgåver oftare i 2008 enn tidlegare.
- Informasjon og rettleiing om mållova og klageretten har blitt betre .
- Medieoppslag om krenking av rettar har styrkt rettskjensla til enkelte.
- I sum at kontakten mellom samfunnet og Språkrådet har vorte tettare (jamfør uttalt strategisk mål om meir samfunnskontakt), noko som vonleg senkar ein mogleg høg terskel for å ta kontakt med klageorganet.

I 2009 kom det 66 klagesaker. Tala frå 2009 stadfester at auken i klagesaker er ein tendens.

Kort evaluering av intensiveringsarbeidet 2006–2008

St.meld. nr 7 (2005–2006) ”Målbruk i offentlig teneste” og rundskriv V-14 V/2006 ”Oppfølging av målbruk i offentlig teneste” frå Kulturdepartementet gav tydelege signal til statsorgana om å intensivere arbeidet med å etterleve krava i mållova. Dette skulle skje i tidsrommet 2006–2008. Det låg også ei klar forventning til Språkrådet om å setje av nødvendige ressursar i arbeidet:

”Konklusjonen i stortingsmeldinga er at regjeringa no ventar at alle statlege leiarar tek på seg det ansvaret dei har, og gir eit klart signal internt i eigen organisasjon om at målbruksreglane skal følgjast til punkt og prikke. Dette har Stortinget slutta seg til.

Vi ber alle statsorgan gå gjennom måljamstillingsarbeidet sitt. I første omgang må ein prioritera å koma opp i minst 25 pst. nynorsk i det informasjonstilfanget som blir lagt ut på Internett [...] I Språkrådet blir det no arbeidt med å byggja opp ei særskild språkteneste for statsorgan. Språktenesta skal ha to oppgåver: a) å medverka til at bruksfordelinga mellom bokmål og nynorsk blir i samsvar med krava i mållova, og b) å arbeida for god språkleg kvalitet på alle dokument som blir laga i statstenesta, same kva norsk målform dei er skrivne på. Etter kvart skal statsorgan kunna venda seg til språktenesta for å få hjelp og støtte, til dømes om dei har problem med å skriva god og korrekt nynorsk”(Rundskriv V-14 V/2006 frå Kulturdepartementet).

I perioden 2006 til 2008 skulle statsorgana rydde opp og intensivere arbeidet med å følgje opp krava i mållova, men ovanfor har vi sagt at statsorgana i 2008 er langt frå å innfri krava i mållova når det gjeld papirtilfang. Når det gjeld nettsider, er tendensen at nynorskprosenten aukar merkbart, men at statsorgana heller ikkje i dette tilfanget oppfyller krava.

Språkrådet vil trekkje fram fire faktorar som skulle spele saman i intensiveringsarbeidet frå 2006 til 2008:

- arbeidet i tilsynet og i språktenesta i Språkrådet
- språkkompetansen til dei tilsette i staten
- medvitet om reglane i mållova hjå tilsette og leiarar
- viljen og evna i statsorgana til å setje i gang eit intensiveringsarbeid

Språkrådet kan ikkje dokumentere korleis faktorane har fungert, men vil oppsummere nedanfor.

Fekk statsorgana god nok informasjon om krava?

Tilsynet i Språkrådet formidla krava i rundskrivet og i stortingsmeldinga i brev til statsorgana (sjå vedlegg 1 ”Mållova og leiaransvar – utarbeiding og gjennomføring av tiltaksplan”). Brevet var stila direkte til leiarane i ulike statsorgan. Rundskriv V-14 V/2006 låg ved brevet (sjå vedlegg 2). Tilsynet meiner informasjonen om intensiveringsperioden var tydeleg og målretta.

Hadde det effekt å krevje tiltaksplan frå statsorgana?

I punkt 7 i brevet frå Språkrådet til statsorgana, ”Mållova og leiaransvar – utarbeiding og gjennomføring av tiltaksplan”, vart det kravt ein tiltaksplan frå statsorgana. Rapporten frå 2007 viste at 98 statsorgan til då hadde ein slik tiltaksplan, og eitt resultat var dessutan at gjennomsnittprosenten nynorsk i statsorgan som hadde levert tiltaksplan, var noko høgare enn hjå dei som ikkje hadde levert tiltaksplan. Tiltaket frå tilsynet om å krevje ein tiltaksplan fungerte delvis godt. (Mal for tiltaksplan ligg som vedlegg 3.)

Hadde Språkrådet nok ressursar til arbeidet?

Kort oppsummert kan ein seie at tilsynet før, under og etter perioden har hatt to faste saksbehandlarar, men det har ikkje vore to årsverk til dette arbeidet. Undervegs i perioden var det også utskifting av medarbeidarar, noko som kravde opplæring av nye folk midt i perioden. Tilsynet har ikkje hatt stabile ressursar i prosjektperioden.

Den fyrste rådgjevaren i språktenesta var på plass i desember 2005, og det kom to til hausten 2006. I 2007 kom to nye til, men etter noko utskifting var tenesta fulltalig med fem medarbeidarar fyrst i oktober 2008. Det tek tid frå ei teneste er oppretta til ho blir fullt effektiv. Språkrådet hadde ikkje stabile ressursar språktenesta i perioden 2006–2008.

Kor godt fungerer rapporteringsordninga?

Tilsynet meiner at rapporteringsordninga har veikskapar. Når statsorgana fyller ut rapportskjemaet, blir dei bedne om å skilje mellom tilfang på papir og nett. Skiljet mellom teksttypar på nett og papir er i dag lite funksjonelt, av di dei teksttypene det blir spurt etter på papir (brosjyrar, pressemeldingar, rapportar, lysingar og anna), også er tilgjengelege på nett. Dette verkar forvirrande på statsorgana. Ein kan rekne med at det er lite tilfang som berre finst på papir. Ei rapporteringsordning som legg vekt på papirtilfang, er mindre gjennomsynleg: Tilsynet må lite på at statsorgana rapporterer det som er av tilfang. På nettet ligg tilfanget meir opp i dagen, og tilsynet og dei rapporterende statsorgana har tilgang til same informasjon. Utfordringa er at søkjemetodane våre for å finne nynorskprosenten på nettet berre delvis er pålitelege av di dei ikkje skil mellom tilfang som kjem inn under mållova og tilfang som ikkje gjer det. Eit godt arbeid med å leggje ut nynorsktekstar på nettet eitt år, viser seg nesten ikkje som prosentauke, av di det ligg så mykje på nettstaden frå før. Dette kan verke demotiverande for dei statsorgana som har vilje til å arbeide med måljamstilling. Veikskapane i rapporteringsordninga orsakar ikkje dei mange klare brota på reglane, men ideelt bør vi ha ei rapporteringsordning som bidreg til at statsorgana kan overvake eigen framgang meir systematisk og påliteleg med hjelp frå tilsynet.

Utviklar statsorgana nynorskkompetansen sin?

I 2005, rett før intensiveringsarbeidet tok til, svara 112 statsorgan Språkrådet på om dei hadde nødvendig språkkompetanse til å oppfylle krava i mållova³. 80 av dei stadfesta at dei hadde det. Likevel har det i perioden 2006–2008 berre vore oppunder 20 statsorgan som har greidd å etterleve reglane i alt tilfang. I 2005 svara statsorgana at berre 0,5 prosent av dei tilsette hadde fått nynorskurs det siste året. Nokre år før det var talet mykje høgare. Med dei atterhalda ei slik undersøking bør ha, viser granskinga at statsorgana rett før intensiveringsperioden ikkje hadde satsa på utvikle nynorskkompetanse. Mange statsorgan satsar truleg ikkje på kompetanseheving internt, men set etter alt å dømmе mykje av språkarbeidet ut til eksterne konsulentar som omset brosjyrar og anna på oppdrag. Dette har vi likevel ikkje oppdatert informasjon om.

³ Kartlegging av nynorskkompetanse i statsorgana, intern rapport frå Språkrådet i 2007.

Medvitet om reglane i mållova

Opinion gjorde ei gransking på oppdrag frå Fylkesmannen i Buskerud i 2009⁴. Målgruppa var fylkesmenn og ulike leiarar i fylkesmannsembeta. Eitt spørsmål var kor godt leiarane kjende mållovsreglane. 6 % kjenner mållova svært godt, 39 % nokså godt. 28 % svarar ”verken eller” når dei får spørsmålet, medan 20 % kjenner mållova ”ganske dårlig” og 8 % av leiarane kjenner mållova ”svært dårlig”. 55 % av leiarane i fylkesmannsembeta kan ein altså seia at kjenner mållova dårleg. Granskinga er ikkje statistisk representativ, men resultatane kan truleg overførast til stoda i sentrale statsorgan. Det er behov for å vite om leiarar i sentrale statsorgan kjenner mållova. Også den statlege kommunikasjonspolitikken understrekar at målbruksreglane skal etterlevast⁵.

Viljen i statsorgana

Det er stor skilnad på statsorgana når det gjeld gjennomføringsevne. Språkrådet har inntrykk av at dei statsorgana som arbeider godt med å bli betre, er dei statsorgana som anten har leiarar som tek ansvar for dette, eller som har ”eldsjeler” i organisasjonen. Språkrådet har ikkje dokumentasjon på at det er slik, men viser til situasjonen i departementa: Dei departementa som har ein nynorskbrukande statsråd, greier å følgje mållova – på kort tid. Både Fornyings- og administrasjonsdepartementet og Samferdselsdepartementet hadde i perioden frå 1994 til 2006 stort sett godt under 15 % nynorsk i stortingsmeldingar. Frå 2006–2008 hadde FAD 85 % nynorsk i dette tilfanget og SD hadde 47 %. Begge departementa hadde i perioden nynorskbrukande statsråder.

Det er andre faktorar enn kompetanse som er den avgjerande for om eit statsorgan greier å nå målet om jamstilling mellom nynorsk og bokmål.⁶ Mykje tyder på at tiltaket som er skissert i St.meld. nr 35 (2007–2008) ”Mål og meining” også vil kunne fungere godt for det språklege jamstillingsarbeidet: ”Eit viktig tiltak for å få system og stabilitet i språkarbeidet vil vera å byggja opp eit nettverk av språkkontaktar som språktenesta kan spela på, og som kan fungera som eit eksternt apparat for det språklege formidlings- og kvalitetsarbeidet i staten. Somme departement og statsorgan elles har alt i dag tilsette som arbeider med interne språkspørsmål meir eller mindre på heiltid. Målet må vera å få utvida slike ordningar og sett det heile meir i system.”

Tilsynet oppsummerer førebels med at det er behov for:

- ei forenkla rapporteringsordning som tek utgangspunkt i tilfang som statsorgana publiserer på nettsidene
- meir kunnskap om kva leiarane i staten kan om reglane i mållova og korleis dei delegerer ansvar for jamstillingsarbeid nedover i organisasjonen

⁴ Opinion (2009) Språket hos fylkesmennene (upublisert spørjegransking)

⁵ Fornyings- og administrasjonsdepartementet (2009): Statens kommunikasjonspolitikk

⁶ Brev frå Kultur- og kyrkjedepartementet til Fornyings- og administrasjonsdepartementet 10. mars 2009

- meir kunnskap om korleis språkansvarlege i staten kan arbeide
- ei kartlegging av korleis statsorgana etterspør, tek vare på og vidareutviklar nynorskkompetanse internt i organisasjonen

Vedlegg 1: Mal for standardbrev til statsorgana 2006

┌
└

┐
┘

REF.

VÅR REF.

DATO

MÅLLOVA OG LEIARANSVAR – UTARBEIDING OG GJENNOMFØRING AV TILTAKSPLAN

1 Innleiing

Vi viser til rundskriv V-14N frå Kultur- og kyrkjedepartementet 17. mars i år. Vidare viser vi til rapport om målbruk dagsett <dato>. Rapporten viser at <inst> ikkje oppfyller krava i mållova.

2 Storting og regjering krev at statsorgana ryddar opp

Svært mange statsorgan har i lang tid brote reglane i mållova. På bakgrunn av dette krev storting og regjering no at statsorgana ryddar opp og syter for å følgja mållova. *St.meld. nr. 7 (2005–2006)* strekar under særleg tre punkt:

- 1) Alle statlege leiarar må klart og utvitydig gje beskjed i eigen organisasjon om at målbruksreglane heretter skal følgjast til punkt og prikke.** Regjeringa peikar i meldinga på at målbruksreglane er ein del av dei grunnleggjande saksbehandlingspliktene som kviler på kvart enkelt statsorgan. Det er ikkje høve til å sjå bort frå slike reglar eller over tid prioritera dei ned fordi andre omsyn kan kjennast meir presserande i det daglege.
- 2) Statsorgana skal innan to år kunna dokumentera minst 25 prosent nynorsk, slik regelverket krev.**

Regjeringa understrekar at det er viktig at ein no kjem raskt i gang med oppryddingsarbeidet. Det er tale om å prioritera eit arbeid som tidlegare har vore forsømt.

3) Språkleg jamstilling på nettstadene skal prioriterast.

Regjeringa presiserer at ei prioritert oppgåve i den aller næraste framtida skal vera å rydda opp på dei statlege nettstadene på Internett.

Stortinget slutta seg 16. mars til tiltaka (*Innst. S. nr. 98, 2005–2006*).

Stortingsmeldinga og innstillinga er tilgjengelege på nettet:

www.sprakradet.no/Stmeld7 / www.sprakradet.no/Innst98.

3 Språkkonsulentteneste

Det blir no etablert ei eiga språkkonsulentteneste for staten. Tenesta er knytt til Språkrådet og har til føremål å fremja god bruk av bokmål og nynorsk i statsorgana og arbeida for språkleg jamstilling i samsvar med lov om målbruk i offentleg teneste. Sentrale oppgåver er rådgjeving, opplæring og utarbeiding av rettleiingsmateriell. Tenesta blir lansert tidleg på hausten 2006, men de kan allereie no ta kontakt med leiaren for tenesta, seniorrådgjevar Ola I. Breivega, på telefon 22 54 19 78.

4 Kort om reglane

I denne samanhengen er det særleg tale om dei reglane som har heimel i mållova § 8:

Rundskriv, kunngjeringar, informasjonstilfang o.l. skal veksla mellom bokmål og nynorsk slik at ingen av dei to målformene i den samla mengda av slikt tilfang er representert med mindre enn 25 prosent. Denne regelen gjeld mellom anna for pressemeldingar, annonsar, brosjyrar, årsmeldingar, konferanseinnbydingar og rundskriv.

På *nettsidene* skal ingen av målformene vera representert med mindre enn 25 prosent. Vidare skal begge målformene vera klart synlege på dei øvste nivåa på nettstaden. Det er viktig at ikkje berre ein del av det vekslande tilfanget er på nynorsk, men at også ein del av dei faste tekstane og menyane blir laga på nynorsk

I *tidsskrift og andre periodiske publikasjonar* skal ingen av målformene vera representert med mindre enn 25 prosent i det redaksjonelle tilfanget over ei viss tid, som regel ein årgang.

Skjema skal liggja føre og vera tilgjengelege på både bokmål og nynorsk.

5 Status for <instusjonen>

I perioden 2001–2004 hadde <inst> x prosent nynorsk i tilfang på 1–10 sider, og y prosent nynorsk i tilfang på over 10 sider. <Inst> leverte rapport xx av åra.

For 2005 rapporterer <inst> om x prosent nynorsk i tilfang på 1–10 sider, og y prosent nynorsk i tilfang på over 10 sider. Statsorganet rapporterer vidare om x prosent nynorsk på nettsidene.

Ved søk på ordpara «ikkje»/«ikke» og «frå»/«fra» i Google i mars 2006 fekk vi ein nynorskprosent på x. Sjølv om nettstaden skulle omfatta tilfang som ikkje kjem inn under mållova, viser dette at statsorganet <er langt frå å oppfylla> / <ikkje oppfyller> kravet om 25 prosent nynorsk.

x av y skjema låg føre berre på bokmål.

6 Tiltak

På bakgrunn av stortingsmeldinga og status for <inst> ber vi om at desse tiltaka blir sette i verk:

(a) *Leiarane må informera i eigen organisasjon om krava frå regjeringa (jf. rundskriv V-14N frå Kultur- og kyrkjedepartementet).*

(b) *Statsorgana må utarbeida ein konkret handlingsplan for å sikra at reglane i mållova blir følgde. Ved utgangen av 2007 skal statsorgana kunna dokumentera at ein oppfyller krava i mållova. Handlingsplanen skal ta utgangspunkt i kategoriar tilfang og omfatta tiltak og rutinar for kvar kategori. Det skal vera tidsfristar for gjennomføringa av tiltaka. Dersom ein meiner at institusjonen på eitt eller fleire felt ikkje kan nå målet om 25 prosent nynorsk på eitt år, må det stillast opp delmål for utgangen av 2006. Eksempel på plan ligg ved. Mal for ein slik handlingsplan kan hentast i Word-format her: www.sprakradet.no/maalrapportering.*

(c) *Leiinga for statsorganet og dei ulike avdelingane må kunngjera planen og påleggja dei tilsette i organisasjonen å følgja han.*

(d) *Handlingsplanen skal sendast til Språkrådet innan 15. juni 2006.*

7 Rapportskjema for 2006

Språkrådet går no gjennom skjemaet for rapportering om målbruk og forenkler det på fleire punkt. Vi håper og trur at det nye skjemaet gjer det lettare for statsorgana å rapportera om målbruken. Skjemaet er elektronisk og kan nyttast til å ha oversyn over målfordelinga i løpet av året. Det blir innan 1. mai lagt ut på www.sprakradet.no/maalrapportering.

8 Råd og hjelp

Informasjon om mållova finn de på www.sprakradet.no under Lov og rett/Mållova. Her finn de òg informasjon om kurs i nynorsk.

Dersom de har spørsmål, ber vi om at de tek kontakt med oss. Ta gjerne kontakt med saksbehandlaren direkte: <jg@sprakradet.no , <st@sprakradet.no / 22 54 19 66> <vly@sprakradet.no / 22 54 19 79>.

Med helsing

Sylfest Lomheim

NN

direktør

rådgjevar

Vedlegg: Eksempel på tiltaksplan

Brosjyren ”Målbruk i offentleg teneste. Reglar og råd”

Vedlegg 2: Rundskriv V-14/2006 Oppfølging av lov om målbruk i offentlig teneste

Til alle sentrale statsorgan

Nr.	Vår ref	Dato
V-14 V/2006	2006/00036KU/KU3IE	17.03.2006

Oppfølging av lov om målbruk i offentlig teneste

Kultur- og kyrkjedepartementet vil med dette informera om at Stortinget 16. mars 2006 behandla St.meld. nr. 7 (2005–2006) *Målbruk i offentlig teneste*, jf. Innst. S. nr. 98 (2005–2006). Innhaldet i meldinga rettar seg direkte til alle sentrale statsorgan. Vi ber om at dette rundskrivet blir distribuert til alle tilsette med leiaransvar på ulike nivå.

Mållova med forskrift 1. Lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentlig teneste, jf. forskrift 5. desember 1980 nr. 4938 om målbruk i offentlig teneste, krev som kjent at alle sentrale statsorgan skal veksla mellom bokmål og nynorsk i rundskriv, kunngjeringar, informasjonstilfang og liknande, slik at det over tid blir minst 25 pst. av kvar målform. På langt nær alle statsorgan etterlever dette lovkravet. Mange skriv for lite nynorsk, nokre altfor lite. Det er svært uheldig at staten på denne måten ikkje respekterer grunnleggjande lovkrav. Dermed blir også den nynorske målforma for lite synleg i det offentlege rommet.

I stortingsmeldinga varslar regjeringa auka innsats for å fremja nynorsk målbruk i staten. Ambisjonen er at statsorgana innan eit par år skal kunna dokumentera minst 25 pst. nynorsk, slik regelverket krev.

Derfor gir no regjering og storting klar beskjed til statlege leiarar på alle nivå om at reglane for målbruk i staten skal etterlevast. Å sjå til at dette skjer, er ei tenesteplikt på linje med andre embets- og tenesteplikter. Hovudansvaret kviler på den øvste leiaren i kvart enkelt statsorgan.

Regjeringa peikar i meldinga på at målbruksreglane er ein del av dei grunnleggjande sakbehandlingspliktene i staten. Det er ikkje høve til å sjå bort frå slike reglar eller over tid prioritera dei ned fordi andre omsyn kan kjennast meir presserande i det daglege. Dette har med overordna planlegging av verksemda å gjera. Lang erfaring viser at positive haldningar og aktiv oppfølging på leiarnivå er ein avgjerande føresetnad for suksess i arbeidet med språkleg jamstilling i staten.

Konklusjonen i stortingsmeldinga er at regjeringa no ventar at alle statlege leiarar tek på seg det ansvaret dei har, og gir eit klart signal internt i eigen organisasjon om at målbruksreglane skal følgjast til punkt og prikke. Dette har Stortinget slutta seg til.

Vi ber alle statsorgan gå gjennom måljamstillingsarbeidet sitt. I første omgang må ein prioritera å koma opp i minst 25 pst. nynorsk i det informasjonstilfanget som blir lagt ut på Internett. Det er i stortingsmeldinga vist til at nettstaden eller heimesida på mange måtar er det andletet som institusjonen viser fram for omverda. Her er det derfor særleg viktig at den nynorske målforma er godt synleg.

Skal vekslinga mellom nynorsk og bokmål fungera, må ein ha interne koordinerings- og registreringsrutinar som gjer at ikkje alle aktuelle dokument meir eller mindre automatisk blir skrivne på bokmål. Slike rutinar må vera konkrete og operasjonelle, og dei må kombinerast med eit oppfølgingssystem som gjer at dei fungerer også i praksis.

For nærmare informasjon om dette viser vi til brev frå Språkrådet i samband med innhenting og oppfølging av den årlege målbruksrapporteringa.

I Språkrådet blir det no arbeidt med å byggja opp ei særskild språkteneste for statsorgan. Språktenesta skal ha to oppgåver: a) å medverka til at bruksfordelinga mellom bokmål og nynorsk blir i samsvar med krava i mållova, og b) å arbeida for god språkleg kvalitet på alle dokument som blir laga i statstenesta, same kva norsk målform dei er skrivne på.

Etter kvart skal statsorgan kunna venda seg til språktenesta for å få hjelp og støtte, til dømes om dei har problem med å skriva god og korrekt nynorsk. Statsorgan som har slike behov, kan alt no ta kontakt med språktenesta på tlf. 22 54 19 78 (seniorrådgjevar Ola I. Breivega) eller 22 54 19 50 (sentralbordet).

Med helsing

Stein Sægvog e.f

avdelingsdirektør

Ingvar Engen

seniorrådgjevar

Vedlegg 3: Lov om målbruk i offentleg teneste – eksempel på tiltaksplan

Lov om målbruk i offentleg teneste – eksempel på tiltaksplan

Statsorgana kan kopiera dei tiltaka som er føreslegne i dette skjemaet.

I Opplæring i nynorsk

Regel: Tilsette i staten som har skriftleg utforming som ein del av tenesta, har plikt til å meistra både bokmål og nynorsk. Arbeidsgjevaren har ansvar for at dei tilsette innan rimeleg tid får nødvendig opplæring i bokmål og nynorsk.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsfrist
Kurs i regi av språktenesta for statsorgan i Språkrådet (ring 22 54 19 50 eller send e-post til stat@sprakradet.no og avtal tidspunkt)	Personal	1. mai
Andre kurs	Personal	1. sept.

II Nettsider

Regel: Nettstadene til statsorgan som har heile landet som tenestekrins, skal ha minst 25 prosent nynorsk i stoff som statsorganet sjølv har laga. Begge målformene skal vera klart synlege på dei øvste nivåa på nettstaden. Ikkje berre skal ein del av det vekslande tilfanget vera på nynorsk, men også ein del av dei faste tekstane og menyane.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsfrist
Setja presentasjonen av institusjonen om til nynorsk	Nettred.	1. mai
Setja dei faste tekstane x,y, z om til nynorsk	Nettred.	1. mai
Laga nynorskversjon av skjema	Nettred.	1. mai

Faste rutinar:		
Rutine 1: Tredjekvar nyhendemelding skal vera på nynorsk.	Nettred.	
Rutine 2: Tredjekvar kunngjering av stillingar skal vera på nynorsk.	Nettred.	
Rutine 3: Skjema skal anten ha parallell tekst på bokmål og nynorsk, eller brukarane skal kunna velja mellom ein bokmålsversjon og ein nynorskversjon.	Nettred.	
Rutine 4: Faste tekstar som blir lagde ut, skal veksla mellom bokmål og nynorsk slik at ein tredel er på nynorsk.	Nettred.	

III Informasjon på papir

Regel: Statsorgan som har heile landet som tenestekrins, skal veksla mellom bokmål og nynorsk slik at ingen av målformene er representert med mindre enn 25 prosent.

Brosjyrar

Tiltak	Ansvarleg
Rutine 1:	
Tredjekvar brosjyre skal vera på nynorsk.	Infoleiar og fagavd.
Rutine 2:	
Mykje brukte brosjyrar kan lagast i både bokmålsutgåve og nynorskutgåve.	Infoleiar og fagavd.

Annonсар

Tiltak	Ansvarleg
Rutine 1:	
Tredjekvar stillingsannonse skal vera på nynorsk.	Pers.leiar

Rutine 2:	
Tredjekvar kunngjering i media (konferansar, søknadsfristar, anna) skal vera på nynorsk.	Infoleiar og fagavd.

Rundskriv

Tiltak	Ansvarleg
Fast rutine:	
Tredjekvart rundskriv skal vera på nynorsk.	Fagavd.

Pressemeldingar

Tiltak	Ansvarleg
Fast rutine:	
Tredjekvar pressemelding skal vera på nynorsk.	Infoleiar

Årsmelding

Tiltak	Ansvarleg
Fast rutine:	
Årsmeldinga skal vera annakvart år på nynorsk, annakvart år på bokmål	Infoleiar og fagavd.

Anna

Tiltak	Ansvarleg

Periodiske publikasjonar (papir eller elektronisk)

Regel: Redaksjonelt stoff skal veksla mellom bokmål og nynorsk slik at ingen av målformene er representert med mindre enn 25 prosent over ei viss tid, som regel ein årgang.

Tiltak	Ansvarleg
Faste rutinar:	
Meldingsbladet skal ha minst 25 prosent nynorsk i kvar årgang.	Red.
Det elektroniske nyheitsbrevet skal ha minst 25 prosent nynorsk i kvar sending.	E-red.
Tidsskriftet skal ha minst 25 prosent nynorsk i redaksjonelt stoff i kvar årgang.	Red.

IV Skjema

Regel: Skjema skal liggja føre og vera tilgjengelege på både bokmål og nynorsk.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsfrist
Omsetja skjema som berre finst på éi målform	Infoleiar og fagavd.	1. mai
Fast rutine:		
Nye skjema skal som hovudregel lagast med bokmålversjon på eine sida, nynorsk på andre sida. Skjema som er for store til dette, skal lagast med ein separat bokmålsversjon og ein separat nynorskversjon. På enkle skjema med lite tekst kan ein ha bokmål og nynorsk parallelt i teksten. Dersom det finst eiga rettleiing for utfylling av eit skjema, skal rettleiinga finnast på begge		

målformer.		